

Tilsynsrapport

Rapport	
Rapporttittel Rapport etter tilsyn med ansvar kompetanse og vedlikehold av alarmhandteringssystemet i kontrollrom på HLNG - Aktivitet 001000266 - Tilsynsrapport	Aktivitetsnummer 001000266
Gradering	
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Begrensa
<input type="checkbox"/> Uopptatt offentlighet	<input type="checkbox"/> Strengt fortruleg
Involverte	
Hovudgruppe T-L	Oppgåveleiar Arne Halvor Embergstrud
Deltakarar i revisjonslaget Linn Iren Vestly Bergh, Elisabeth Vaagen, Arne Halvor Embergstrud, Kristian Solheim Teigen og Asbjørn Ueland	Dato 17.12.2021

1 Innleiing

Petroleumstilsynet (Ptil) gjennomførte tilsyn med Equinor MMP OPL si oppfølging av ansvar, kompetanse og vedlikehold av alarmhandteringssystem i kontrollrommet på landanlegget Hammerfest LNG i 2021.

Tilsynet blei utført ved gjennomgang av etterspurde dokument og oppfølgingsmøte 07.10.2021.

2 Bakgrunn

Petroleumstilsynet har dei siste åra hatt ein del tilsyn med oppfølging av alarmsystem, både på boreinnretningar, landanlegg og på produksjonsinnretningar der vi har avdekket at alarmsystema ikkje møter selskapa sine krav. Vidare har vi i andre tilsyn sett at det er høge alarmrater og mange ståande alarmer. Dette tyder på at det kan være manglar både ved oppfølginga av systema og forståinga av kva verknader høge alarmrater og mange ståande alarmer kan ha på arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma.

I 2021 gjennomfører vi tilsyn med kontrollromma på dei fleste norske innretningar og anlegg.

3 Mål

Målet med denne oppgåva er å verifisere at operatørane følger opp alarmsystema og arbeidstilhøva for operatørane i kontrollromma i samsvar med regelverk og selskapa sine interne krav.

4 Resultat

4.1 Generelt

Equinor Hammerfest LNG har i lenger tid hatt driftsutfordringar og anlegget har ikkje hatt normal drift etter brannen 28.09.20. Dette gjer at datagrunnlaget for dette tilsynet ikkje er representativt for normal drift.

Hammerfest LNG har regelmessig oppfølging av måltala for alarmsystemet med fokus på nye alarmer. Det omfanget av ståande alarmer som er nå, vil ikkje være representativt for situasjonen ved normal drift.

Vi har mottatt vurderingar av total arbeidsbelastning samt kognitive og perseptuelle begrensingar

5 Observasjonar

Vi har med to hovudkategoriar av observasjonar:

Avvik: Observasjonar der vi *påviser* brot på/manglande oppfylling av regelverket.

Forbetringspunkt: Observasjonar der vi *meiner å sjå* brot på/manglande oppfylling av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

5.1 Avvik

Ingen.

5.2 Forbetringspunkt

Ingen.

6 Andre kommentarar

Alarmsystemet møter ikkje krava i TR1494

Det er oppretta ein intern dispensasjon, 174878: *Alarm system deviation for PS22*, for å ha eit målretta arbeid med alarmsystemet, planlagt med følgande tiltak:

- Reduce alarm rate for operator A and D. (01.06.2020)
- Implement GTG 81 package. (01.12.2020)
- Reduce the number of standing alarms for operator A and D (01.06.2021)
- Reduce alarm rate during an upset situation when having normal operation. (03.05.2023)
- Reduce alarm rate during an upset situation (03.05.2023)

På møtet 07.10.21 var det gjort greie for det arbeidet som var gjort i 2019 og kva effekt dette hadde på alarmrater for operatør A og D. Det er venta at ein etter planlagt oppstart våren -22 vil kunne halde fram med denne reduksjonen av alarmratene og fortsetje med dei planlagde tiltaka.

7 Deltakarar frå oss

Arne Halvor Embergstrud,	Fagområde prosessintegritet, (oppgåveleiar)
Linn Iren Vestly Berg,	Fagområde arbeidsmiljø,
Elisabeth Vaagen,	Fagområde arbeidsmiljø,
Kristian Solheim Teigen,	Fagområde prosessintegritet,
Asbjørn Ueland,	Fagområde prosessintegritet.

8 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

- Addendum to TR1494_Alarm System Hammerfest LNG.pdf
- Alarm rater regneark del 1.xlsx
- Alarm rater regneark del 2.xlsx
- Alarmgraf oversendt Ptil.xlsx.pdf
- Dispensation 174878 Alarm system deviation for PS22.pdf
- GL1494 Alarm system guideline ver 1.01.pdf
- Hvordan ivaretar HLNG alarmhåndteringssystemene i sentralt kontrollrom.pdf
- Månedlig alarmanalyse SKR.pdf
- OM201.08.06 - Analyse av alarmer i sentralt kontrollrompdf
- output_plots_del 1.pdf
- output_plots_del 2.pdf
- Presentasjon - HLNG vs PTIL alarmhåndtering 07102021.pdf
- Shelved og Hidden alarmer 10.05.21.xlsx
- ST-14557-1 Hammerfest LNG Nåanalyse inkl.vedlegg.pdf
- TR1494 Alarm system.pdf

Vedlegg A

Oversikt over deltakare på oppfølgingsmøte.